

## Representantskapsmøte 1-2013 i Sunnmøre regionråd IKS

---

Fredag 1. februar 2013 kl 10.00 – 12.00 vart det halde møte i representantskapet for Sunnmøre regionråd på Ålesund rådhus.

### **Til stades**

#### *Frå representantskapet:*

For Giske kommune: varaordfører Olav Sindre Roald  
For Haram kommune: varaordfører Svein Harsjøen  
For Hareid kommune: varaordfører Dag Audun Eliassen  
For Herøy kommune: varaordfører Tor Sindre Steinsvik  
For Norddal kommune: varaordfører Per Magnus Berdal  
For Sande kommune: ordfører Dag Vaagen  
For Stordal kommune: varaordfører Eva Hove  
For Stranda kommune: ordfører Jan Ove Tryggestad  
For Sula kommune: varaordfører Trygve Holm  
For Sykkylven kommune: ordfører Petter Lyshol  
For Ulstein kommune: ordfører Jan Berset  
For Vanylven kommune: ordfører Jan Helgøy  
For Vestnes kommune: varaordfører Martin Kjøpstad  
For Volda kommune: ordfører Arild Iversen  
For Ørsta kommune: varaordfører Paul Christian Hovden  
For Ørskog kommune: ordfører Thorbjørn Fylling  
For Ålesund kommune: varaordfører Geir Stenseth

#### *Forfall:*

Ordfører Hans Endre Sæterøy, Sandøy kommune:  
Ordfører Terje Vadset, Skodje kommune:  
Ordfører Charles Tøsse, Stordal kommune  
Ordfører Rune Hovde, Ørsta kommune  
Ordfører Bjørn Tømmerdal, Ålesund kommune

### **I tillegg møtte:**

#### *Frå styret:*

Bjørn Sandnes, styreleiar og ordfører i Haram  
Turid Hanken, styremedlem og rådmann i Haram  
Anders Riise, styremedlem og ordfører i Hareid kommune  
Eva Kristin Fjærtøft, vara i styret og varaordfører i Sandøy  
Kari Grindvik, styremedlem og varaordfører i Skodje

#### *Rådmenn:*

Erlend Krumsvik, rådmann i Herøy  
Asbjørn Moltudal, rådmann i Sande

Leon Aurdal, rådmann i Sula  
Ole Johan Lillestøl, rådmann i Sykkylven  
Anders Grotle, rådmann i Ørskog

*Frå administrasjonen:*

Jan Kåre Aurdal, dagleg leiar Sunnmøre regionråd  
Anne Mette Liavaag, prosjektleiar Sunnmøre regionråd (referent)

*Innleiarar:*

Styreleiar Ragna Dahl Grønnevet og direktør Ivar Gunnar Braaten, Stiftinga Sunnmøre museum  
Eivind Dahl, Møre og Romsdal fylkeskommune  
Bent Andreassen og Geir Råheim, Helsebringende  
Rigmor Brøste, assisterande fylkesmann i Møre og Romsdal  
Jens Petter Ringstad, Møre og Romsdal fylkeskommune

---

## Protokoll

### 1. Velkommen

Møteleiar og leiar for representantskapet i Sunnmøre regionråd, Dag Vaagen opna møtet.

### 2. Godkjenning av innkallinga

Innkallinga vart godkjent.

### 3. Godkjenning av saklista

Sakslista vert godkjent.

### 4. Val av to representantskapsmedlemmer til å skrive under protokollen saman med møteleiar

Varaordførar i Norddal kommune Per Magnus Berdal og ordførar i Volda kommune Arild Iversen vart valt.

### 5. Stiftinga Sunnmøre museum, samarbeid med kommunane

Ivar Gunnar Braaten, direktør i Stiftinga Sunnmøre Museum og Ragna Dahl Grønnevet, styreleiar i Stiftinga Sunnmøre Museum orienterte om stiftinga Sunnmøre museum som i år feirar sitt 10-års jubileum. Stiftinga har ei viktig rolle i å gjøre historia til regionen synleg og tilgjengeleg for alle. Det er eit ynskje frå stiftinga å ha ei tett dialog med kommunane. Blant ane er det behov for å etablere eit tettare samarbeid med kulturadministrasjonane i kommunane. Stiftinga ynskjer også idear til aktuelle framtidige samarbeidsarenaer.

### 6. Mobilt vitensenter for Møre og Romsdal, orientering om pågåande forprosjekt og vidare planar.

Eivind Dahl frå Møre og Romsdal fylkeskommune orienterte

Møre og Romsdal fylkeskommune er i gang med eit forprosjekt for etablering av eit mobilt vitensenter. Formålet er å auke interessa for og rekrutteringa til realfag. Målgruppa er elevar i ungdomsskolen og første trinnet i vidaregåande opplæring, og målet er å besøke alle kommunane i Møre og Romsdal. Senteret vil ha base ved Sunnmøre Museum i Borgundgavlen og permanent drift er planlagt frå januar 2014.

Vitensenteret ynskjer å ha dialog og tett samarbeid med kommunane i det vidare arbeidet. Representantskapet var svært positive til prosjektet.

#### 7. **Nytt behandlingstilbod på Kypros – muligheiter for pasientar og kommunar.**

Dagleg leiar Bent Andreassen og lege Geir Råheim frå firmaet Helsebringende orienterte. Helsebringende skal starte med rehabiliteringsopphold i Kypros og ynskjer å tilby helseløysningar for kommunane. Andreassen og Råheim vil ta direkte kontakt med kommunane for vidare dialog.

#### 8. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal, aktuelle saker 2013**

Assisterande fylkesmann Rigmor Brøste orienterte om aktuelle saker frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Brøste ga ei oversikt over sentrale prosjekt og aktivitetar for 2013. Det er eit mål å styrke dialogen mellom Fylkesmannen og kommunane og det skal gjennomførast besøk i alle kommunane med formannskap og administrativ leiing. Fylkesmannen vil også invitere rådmennene til eit møte. Barn og unge vil vere eit satsingsområde for 2013. For å støtte Robek-kommunane vil Fylkesmannen etablere eit effektiviseringsnettverk.

Brøste gikk også gjennom rammer og kriterier for Skjønnsmidlar. Søknadsfrist er 1. april. For 2013 vil områdene velferdsteknologi, spesialundervisning og samfunnstrygghet og beredskap vidareførast. Nye satsingsområde vil vere oppvekst for barn og unge og trua plantearter.

Avslutningsvis gjekk Brøste gjennom plansituasjonen for kommunane på Sunnmøre.

#### 9. **Regional plan for kulturminne**

Jens Petter Ringstad, Møre og Romsdal fylkeskommune orienterte.

Fylkesutvalet vedtok i november [planprogram for Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi](#).

Hovudformålet med planen er å utvikla strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest mogleg er samde om. Planprosessen skal vere med på å heve kunnskapen og medvete om regionen sine kulturarvverdiar. Arbeidet tek sikte på å utvikle felles verdiforståing og samhandling og skape eit betre samspel mellom vern, bruk og verdiskaping. Eit viktig mål er ei oversikt over kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi og lage handlingprogram for korleis dei kan takast vare på.

Det er oppretta ei referansegruppe som skal vere eit fagleg korrektiv og brukarkorrektiv i planprosessen. Referansegruppa har representantar frå KS, ein frå kvart av regionråda, fylkesmannen sin plansamordnar, Statens vegvesen, Kystverket, Statens naturoppsyn, Kulturvernforbundet og musea i Møre og Romsdal. Ordførar i Sykkylven, Petter Lyshol, er regionrådets representant. Lyshol kommenterte at han ville arbeide for å ivareta kommunane si interesse i prosessen.

#### 10. Vidare drift av Mork rehabiliteringssenter

Helse Møre og Romsdal har i brev datert 14.12.12 bedt kommunane komme med ein uttale om framtidig driftsmodell for Mork rehabiliteringssenter.

Representantskapet i Sunnmøre regionråd vedtok fylgjande uttale (etter forslag frå Samhandlingsgruppa):

- Sunnmøre regionråd opplever at økonomi er motiv for at Helse Møre og Romsdal forserer prosessen med å definere endra ansvarsområde for spesialisert rehabilitering. Vi er urolege for at kommunane får overført auka oppgåver og ansvar utan medfølgande finansiering, fagleg oppbygging, og at innbyggjarane får eit dårlegare tilbod.
- Sunnmøre regionråd viser til punkt 5 i Samarbeidsavtalen, samt til vedlegg 1, og ber om at prinsippa om samarbeid mellom likeverdige partar vert følgt. Regionrådet viser til at det er sett i gang eit prosjekt i tråd med Strategi 2020 mellom det regionale helseføretaket og kommunane i Midt-Norge der ein saman skal utgreie grensegangen mellom spesialisert og kommunal rehabilitering, både når det gjeld kompetanse og kapasitet. Overordna samhandlingsutval i Møre og Romsdal har oppnemnt representantar frå føretaket og kommunane i dette arbeidet. Sunnmøre regionråd ber om at helseføretaket ikkje gjer ytterlegare nedskjeringar i den spesialiserte rehabiliteringa før konklusjonane frå dette prosjektet ligg føre.
- Sunnmøre regionråd føreset at Helse Møre og Romsdal ikkje gjer ytterlegare reduksjonar i kapasiteten ved Mork rehabiliteringssenter før konklusjonane frå prosjektet som nemnt i punkt 2 ligg føre. Mork rehabiliteringssenter har svært god kompetanse innanfor spesialisert rehabilitering, og har også utvikla gode samhandlingsmodellar mot kommunane. Ein er bekymra for at Helseføretaket vil tape viktig kompetanse dersom senteret blir lagt ned, og kommunane har ikkje økonomi til å ta over kapasiteten og kompetansen ved ei nedlegging, jf. Punkt 1.
- Sunnmøre regionråd rår sine medlemskommunar til ikkje å ta over drifta av Mork rehabiliteringssenter.
- Sunnmøre regionråd legg til grunn at vidare samarbeid om rehabiliteringstilbod skal skje i samsvar med Samhandlingsavtalen.

## 11. Orientering om aktuelle saker

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal orienterte om status i aktuelle saker.

### ***110-sentralen.***

Sunnmøre regionråd har, på vegne av kommunane, signalisert at forslaget frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) om å flytte nødsentralen i Ålesund til Trondheim er uakseptabelt. Det ble sendt ut ei pressemelding om saka den 14.01.13 og fleire aktuelle aktørar er kontakta. Kommunane er innkalla til eit dialogmøte den 07.02 i Molde. Regionrådet vil følgje opp saka.

### ***Fengselssaka***

Arbeidsgruppa som skal beskrive eit egna konsept for eit kompetansesenter innan kriminalomsorg på Sunnmøre er i gang. Arbeidet skal være avslutta i løpet av våren 2013 og arbeidsgruppa skal ha møte i nær framtid. Det er foreløpig ikkje konkludert når det gjeld lokalisering.

## 12. Eventuelt

Det vart ingen saker under eventuelt.

## 13. Møteleiar heva møtet.

---

Dag Vaagen

---

Per Magnus Berdal

---

Arild Iversen